

Leirdalen og Tunsbergdalen

Av Inger Marie Leirdal.

(Kjelder: Lustraboka og Lars & Brita.)

Forord.

Emnet er valt avdi eg har stor interesse for utviklinga i mi eiga heimbygd gjennom tidene. Under arbeidet vart eg betre kjend med stadnamn, særleg i Tunsbergdalen. Eg ser det også som ein verdi å få skriva ned namn på teigar, stølar og liknande. Desse namna har vore nytta i mange menneskealdrar. Men dersom dei ikkje vert skrivne ned, vil mange av dei verta gløymdre når dei eldre menneska vert borte.

Når Tunsbergdalen vert neddemd, fell namna ut av bruk der framme. Men dei er likevel verdt å ta vare på, som eit minne om den tida naturen låg urørd og tiltreffande i Tunsbergdalen.

Leirdalen.

Leirdalen er ein sidedal til Jostedal. Han ligg ca. 300 meter over havet og ligg nær breen. Dette er dalen prega av, både når det gjeld natur og voksterliv. Både i nord og vest reiser fjella seg høgt over dalbotnen. I sør er fjellet flatt og sfogkledd heilt til toppen. Både i nord og vest har fjellsidene sfoggrense eit godt stykke nede i fjellsida. I tidlegare tider låg Jostedalsbreen nedover fjellet i nord og vest, men no er breen berre synleg på toppen av fjellet i vest, frammanfor Hest (nordvest). Det er to fjelltoppar som reiser seg høgt over dei andre. Ašbjørnsfjell eller Nosi, som vi feier, ligg i sørvest og er 1610 meter over havet. Det er fint terreng i området, og det er såleis flittig brukt sfiterreng. Om sommaren er det heller ikkje uvanleg å møta folk i fjellet her. Hest ligg i vest og er 1597 meter over havet. Dette er òg eit ettertrakta sfiterreng i påskehelga. Hest er kjennemerket på Leirdalen. Fjellet er også tydeleg synleg frå Gaupne, som ligg vel 1 mil unna.

Gjennom Leirdalen renn Leirdøla eller Leira som ho heitte tidlegare. Ho renn ut frå Tunsbergdalsvatnet. Elva går i store svingar som har arbeidd seg opp gjennom tidene. Ho deler dalen i to, men det er busetjing berre på den eine sida. Nedanfor elveoset er ein fin foss som heiter Huldrehusfossen. Nokre hundre meter nedanfor er ein annan foss, Fjellstølsfossen, som ein ser frå Leirdalen.

Korleis dalen har fått namnet Leirdalen?

Det fyrste namnet på Leirdalen var Dydegarden. Det var truleg fordi dei som kom hit, kom til ein folketom stad. Men namnet Dydegarden tyder òg på at det har vore ein aud gard her då det kom innflyttarar. Dette er uflart. Etter det ein veit vart Dydegarden privatgods til ein fut frå Flahamar i Luster. Det varte ikkje lenge før dalen skifte namn. Elva som renn gjennom dalen heitte Leira på den tida. Dette namnet hadde truleg kome av at ho førte med seg så mykje leire frå Tunsbergdalen. Ho har òg gjeve dalen namn og Leirdalen har vore namnet heile tida etterpå.

Årsaker til tilflyttinga.

Grunnen til at folk kom til Leirdalen, var truleg mangel på jord på heimstaden. Det var òg mange som kjøpte opp jord på den tida og som hadde leiglendingar. Leirdalen låg bra nær og hadde god jord.

Tunsbergdalen.

Tunsbergdalen er ein fleire mil lang dal som ligg frammanfor Leirdalen. Det går sti og fløyjevog fram til Tunsbergdalen. Vegen frå Leirdalen går over Dystelsmyra, fram over Bakfelabakken, over Naustmyrane og fram til Storevatnet. Her deler vegen seg i to.



Terrenget i Tunsbergdalen er flatt, og det er bratte fjell på begge sider. Over dei lange flatene i dalen renn fleire elvar som kjem frå Tunsbergdalsbreen, den største brearmen til Jostedalbreen. Tunsbergdalsbreen ligg fremst i Tunsbergdalen. Nedst i Tunsbergdalen ligg Tunsbergdalsvatnet. Det er delt i to med ein smal hals imellom. Nedanfor halsen fallast vatnet Storevatnet og frammanfor Veslevatnet. Veslevatnet vert stengt av ein høgning i landskapet som heiter Dyahaugen. Framanfor denne haugen ligg det lange flatar. Der vart det drive slåttonn om somrane for ca. 40 år sidan. No ligg berre løene og dei små hyttene som onnefolk budde i, att. Flatene er delte i mange teigar av elvane. Dessse har kvar sitt namn frå den tida det vart drive jordbruk her.

Lengre framme i dalen vart det drive to setrar tidlegare. Den eine ligg nede på flatane og heiter Tunsbergghaugen. Den andre ligg oppe i fjellfida, vest for breen. Denne setra heiter Tverradalen og ligg ved enden av ein fidedal til Tunsbergdalen. Denne dalen er tydeleg graven ut av breen. Det ligg mange morener her, og fjellet er heilt blankflipt. Frå Tverradalen går det to elvar ned i Tunsbergdalen. Dei kan vera nokså store somme tider på året, og har såleis vore til stor hindring for folket på setra der oppe.

Det går veg framover Tunsbergdalen frå Naustet. Han følgjer Storevatnet langs Vassurane, men kryssar dalen lengre framme. Når folket drog med dyr framover, tok dei oftast den vegen. Men når dei reiste åleine, tok dei båt frå Naustet til Dyahaugen. Det var lettare å gå derifrå.

Storevatnet er 36 meter djupt på det djupaste. Det er uklårt, fordi elvane fører med seg leire frå Tunsbergdalen og blandar i vatnet. Men Veslevatnet er klart og fint. Det ligg frammanfor utlaupet til elvane og unngår all leira. Veslevatnet er fint fiskevatn, og om sommaren kan det verta fiska fin fjellaure her. Når det er varmt vêr og det lir utpå sommaren, er det fint å bada i Veslevatnet.

Om sommaren er det vanlegvis mykje folk her, med båtar og fiskeutstyr. Det er ei fin form for avslapping. Her er fredelig, og det finst ikkje ein motorbåt enno som bryt stilla. Ingen har vilja hatt motorbåt her framme.


Skog og jord.

Dei vanlegaste tresortane er bjørk, åre, raun og osp. Desse treslaga finst i alle fjellfider i Leirdalen. Men berre fjellfida i sør er deffa med lauvskog heilt opp.

Barfok er det mindre av. Det finst ein del på den fjellfida der vegen kjem opp til Leirdalen, i aust. Der er både eine og gran, men for det meste er det fure. Oppe i Leirdalen er det no utplanta granfelt mange stader. I Tunsbergdalen finst ikkje barfok, med unnatak av nokre einerunnar. Etter at stølsdrifta slutta i Tunsbergdalen, har det i vegen frå Dyahaugen og framover vokse tett med vier. Heile flatene frå Veslevatnet og framover er tettvokse med vier og det er såleis vanskeleg å ta seg framover dalen for ukjende folk. Jorda i Tunsbergdalen er mykje av fult og grande. I Leirdalen er det god dyrkingsjord, og det er her dei beste forutsetningar for jordbruket er.

TUNSBERGDALEN

Elvar



Dyreliv og fugleliv.

I tidlegare tider var det eit yrande fugleliv. I fjellet i Leirdalen og i Tunsbergdalen var det mengder av rype. Det fanst og ein god del orrfugl. Orna kunne ein sjå av og til, men det var likevel heller sjeldan. Av småfuglartar fanst ei mengd. Dette gjaldt både flyttfuglar og fuglar som var her heile året. Kråke og fjør har vore vanlege fuglar like til no. Men fuglelivet har endra seg mykje gjennom åra. Ryper finst mest ikkje lengre. Det same gjeld for orrfuglen. Det er heller ikkje så mange småfugleartar, og av dei som er att er det fåare i talet. Svale, erle, trast, stare og gråspurv er dei vanlegaste artane av småfuglar.

Det vart drive mykje jakt på fuglane før, særleg ryper. Gutane dreiv dette som sport, og dei kunne fanga eller skyta mange ryper i løpet av vinteren. Men det er neppe nokon grunn til at rypa er nesten forsvunnen.

Dei vanlegaste dyreartane var hjort, rev, hare, ikorn, mårkatt og røyskatt. Bjørnen gjekk her i mange år. Den siste vart skoten i 1956 av Sverre Leirdal. Bjørnen hadde då gjort så stor skade på saueavlingane, at saueeigarane fann det som den einaste utveg å skyta han. Hjorten trivst godt i Tunsbergdalen, nærare bestemt i Bjørkedotten. Men han fer og andre stader og av og til kan vi sjå han nede på enga.

Det vart drive mykje harefangst og røyskattfangst tidlegare, men det er slutt på no.

Reven er vel det vanlegaste villdyret. Han fer og tuffar, og dei ser spor etter han mange stader heilt ned til husa om vinteren. Det gjeld sjølsagt dersom det er utlagd åtl til han, noko som ikkje er uvanleg enno.

Kontakt med nabobygdene.

På grunn av dårleg veg og seine framkomstmiddel var det heller liten kontakt med nabobygdene. Den einaste form for kontakt var handelen. All handel føregjekk på Røneid. Dei sa dei skulle til sjøfs. Dei køyrde med hest og måtte reisa tidleg om morgonen. Varene dei hadde med var smør, ved, poteter og lifnande. Smøret leverte dei salta i fyrstninga. Då trong dei ikkje til Gaupne så ofte. Seinare leverte dei usalta smør og då vart det vanleg med ein tur til "sjøfs" kvar vefe. For varene bytte dei til seg kaffi, sukker, gryn og sirup. På turen til Gaupne var dei alltid innom Dyagjerdstova, som ligg på Dyagjerdet ved hovudvegen til Jostedalen. Stova vart driven av Brita Dyagjerdet som dei kalla henne. Ho heitte Brita Leirimo. I Dyagjerdstova kjøpte dei kaffi som dei hadde til ništa si.

Rundt juletider kom det alltid hallingar på besøk til Leirdalen. Dei kjøpte sauer hos gardbrukarane. Sauene skulle alast opp i bygda til jonsok. Då kom hallingane att og reiste med heile saueflokkane. Dei kom berre til Bjønsøy når dei skulle henta sauene. Etter gamal vane førte gardbrukarane alle dyr som skulle ut av bygda, til Bjønsøy. Bjønsøy ligg også ved hovudvegen til Jostedalen.

Gardane og husdyra.

Leirdalen vart delt i tre hovudgardar som vi høyrer om alt i 1612. Det var Pergarden, Larsgarden og Andersgarden. Gardane skifte ofte eigar den fyrste tida. Det var òg på denne tid at namnet Dydegard vart endra til Leirdalen, etter elva Leira.

På 1700-talet er nokre husmannsplassar nemde. Høla vart husmannsplass under Larsgarden, og Sølfesthaugen, Rasmushaugen og Johanshaugen under Andersgarden. Seinare vart Gruvlebakkhusmannsplass under Andersgarden òg. Alle desse plassane vart kjøpte og drivne som sjølvstendige gardsbruk.

På alle gardar var det hestar, og hesten vart brukt både sommar og vinter. Om sommaren vart han brukt i onna, og han gjorde såleis arbeidet lettare for onnafolket. Til dyrking var han òg nyttig. Om vinteren måtte høyet fraktaft frå alle småløene rundt omkring. Dette vart rekna for fint arbeid både for folket og hestane. Oftast var det vinterføre og fin snøveg, og på denne tida av året var det heller ikkje så travelt for gardbrukarane.

Dei vanlege husdyra var ku, sau, gris og høns. Tidlegare var det geiter på gardane og, men ingen hadde særleg mange. Utpå våren vart sauene sleppte til fjells. Kyrne fekk koma på vårstølen, som låg langt nede i dalen, og snøen gjekk difor tidleg der. Seinare på sommaren bar det på fjellstølen. Her var budeine saman med dyra heile sommaren. Det gjaldt å ha dyra ute lenge, for det var lite med fôr. Då dei busførte heim att frå fjellstølen, var dei på vårstølen att.

Fôr og forsanfing.

I Leirdalen vart høyet slått og heffa, og turrhøy var såleis vanleg fôr om vinteren. Då slåttonna var over i Leirdalen, drog gardbrukarane og familiane deira til Tunsbergdalen. Grasjet vart seinare utvokse her, og det passte bra. Det var ofte vått gras med leire i, for elvane gjekk over og reduserte verdien i det med all leira som vart liggjande att. Onna i Tunsbergdalen var den seigaste og alle grua seg til ho.

Etter at høyet var kome i løene i Tunsbergdalen, bar det på lauving. Lauv var godt fôr, og dyra fekk mykje lauv om vinteren. Det vart lauva særleg mykje bjørk, åre og raun. Ospelauv var heller ikkje uvanleg. Bjørk og åre vart lauva så tidleg på ettersommaren som mogeleg. Til lauving brukte dei snel. Lauvfjervane vart sette til tork og deretter lagra i store lauvrauk. Dei vart føyrde heim på gardane utpå vinteren, når snøen og været gjorde det mogeleg. Etter at lauvet var oppete vart kvistane (troset) brote saman til trossbuntar og brukt til ved.

Bærjanfing.

Kvar haust var alle mannfolka på bærjanfing. Dei hadde dei eldste borna med seg. Grunnen til at det var mannfolka som janka bær, var at konene og dei yngste borna var på stølen. Det var helst blåbær og tyttebær dei janka. Det var mykje bær og dei kunne plukka i tønnevis. Bæra frakta dei til Gaupne og selde dei på butikken. Det var viktig å få tak i mykje bær, for desse gav ei lita ekstraintekt til huslydane. Bærteigane låg ikkje langt unna, og det var felleseige, så alle plukka på same stadene. Bæra gjekk til butikken, det var sjeldan dei tok av noko til bruk for seg sjølve. Dei tykte ikkje at dei hadde råd til det. Dersom dei tok av litt, vart det i tilfelle laga fylte som dei brukte i julehelga og andre høgtider, og det var helst når dei hadde gjester at dei tok fram fylte-tøyet.

Stølar og stølsdrift.

Sidleg om våren drog konene og dei yngste borna på stølen med kyrne. Dei busførte, som vi seier. Alle kjelar, bøtter, stampar og hstefollar vart frakta på stølen. Her vart kyrne mjølka. Mjølka vart hsta, og mysa koft. Røft myse vart falla væta. So brukte dei til graut og annan mat i staden for mjølk. Smøret vart kinna på stølen. Saupet som dei fekk vart også brukt til drykk. Det vart laga både brunost og kvitost på stølen, men den vanlegaste var gamalosten. Når vi tenkjer på støslivet no, forestillar vi oss kanskje at rømme og hellekaker var kvardagskost, noko som langt frå var tilfelle.

I sela kunne det vera svært koseleg. Fyrst kom ein inn i eit fto. Der var det kofering og der vart osten koft. Så kom ein inn i selet. Det vanlege inventar var to-tre skamlar, nokre stølar og eit bord. Senga var ofte kort og brei. Separatoren var plassert inne i selet. Ei enkel fjøl utgjorde hylla i selet. Innanfor fjølve "stova" var det òg ei lita bu. Der var kinna plassert. Veggene hadde mange hyller kvar, for ostane vart lagra i denne bua. Bak døra eller på ein eller annan vegg hang mange reiskaper som dei brukte når dei hsta eller kinna.

Fjøset var anten i fjellaren, eller det var påbygt ved sida av selet. Ingen hadde fjøset i ein bygning for seg. Støslivet varte like til september månad, eller kanskje enno lengre dersom vèret tillet det om hausten.

Nedste og Øvste Troa.

I Nedste Troa var det to fel. Det eine hørde til Rasmushaugen. Det andre hørde til Hauglund. I Øvste Troa var det også to fel. Eit var under Larsgarden og eit hørde til Pergarden. Både desse stølane var vårstølar og såleis i drift tidleg om våren og seint på hausten. Det var konene på gardane som var på stølane, men det hende at dei eldste døtrene tok seg av stølsdrifta så nær gardane. Dyra gjekk saman på fellesbeite.

Fjellstølen.

På Fjellstølen var det eit fel som hørde til Andersgarden. Korleis denne stølen har fått namnet er uvisst sidan han vart brukt som vårstøl når dei andre hadde buskapane sine i Øvste og Nedste Troa. Stølen vart driven berre kort tid. Storhaug hadde vore vårstølen til Andersgarden. Etter utskiftinga vart det bygd eit nytt fel på Fjellstølen, fordi Nedste Troa hadde vorte eigedom til Andersgarden.

For å koma til Fjellstølen må ein over elva og det vart bygd bru til Fjellstølen. Brua har ofte vore i dårleg stand og ho har falle ned to gonger. Men ingen har omkome, sjølv om det har vore både folk og dyr på brua når ho har falle ned. No skal brua rivast for godt, og erstattast med ny.

Skaret.

Skaret ligg langt oppe i fjellsida og vart nytta til fjellstøl. Her var fleire fel, eit tilhørde Andersgarden og eit tilhørde Leirmo, ein gard som ligg ved hovudvegen til Jostedal.

Nonhaug.

Nonhaug ligg også høgt oppe i fjellsida og vart brukt om sommaren. Stølen låg fint til og hadde utsikt over Leirdalen, Sunsbjergdalen og Vigdalen. Vegen opp til Nonhaug er bratt og han har mange særigne namn, blant anna Kjerringsteget, Lasseholet og Slage.

Sunsberghaug og Tverradalen.

Sunsberghaug og Tverradalen heitte stølane i Sunsbergdalen. Desse vart òg brukt sommarstid. Sunsberghaug tilhørde Hauglund; Tverradalen tilhørde Larsgarden og Pergarden.


Utskiftingar.

Etter ynstje frå ein av gardbrukarane i Leirdalen vart det utskifting i 1946. Mange av dei andre gardbrukarane vart misnøgde med dette og i 1947 vart det overutskifting. Mykje av jorda hadde vore felleseige som dei brukte til beite. Dette var ei hindring for dei som ville dyrka meir jord. Teigblanding hadde også gjort gardane tungdrivne. Såleis var utskifting naudsynleg.

Gardane vart samla og fellesbeita vart delte. Dette kunne vera urettferdig på mange måtar. Når teigane skulle samlast til kvar gard var det uunngåeleg at somme gardar fekk flatlendet, medan andre vart heller bratte. Men etter utskiftinga i 1947 har det ikkje vore noka endring på gardsbruka. Sølfesthaugen vart flytt og husa vart sette opp ved Pergarden og fekk namnet Hauglund. Elles vart det lite forandring av plasseringa på husa.

LEIRDALEN FØR UTSKIFTINGA

- <R> Rasmushaugen
- <L> Larsgarden
- <A> Andersgarden
- <J> Johanshaugen
- <P> Pergarden
- Blokkeberg



Blokkeberg

LEIRDALEN 1975

Smie

Andersgarden


Larsgarden

Haugen

Pergarden

Hauglund

Kleivi



Leirdalen 1975.

Det har gått føre seg ei rivande utvikling i Leirdalen dei fiste åra. Alle stølane er nedlagde. Dalen har fått bilveg, som vart ferdig i 1963. Hesten, som hadde vore heilt naudsynleg til transport av varer og til dyrkingsarbeid, er bytt ut med bilar og traktorar. Den fiste hesten reiste frå Leirdalen i 1973.

Gardane er oppdyrka på nytt. Beita er dyrka og gardane er såleis større. Lيفةvel er dei for små til at ein familie kan leva av inntekta. Gardbrukarane har arbeid ved sida av garden. Dette er ganske greitt å skaffa seg, fordi det har nettopp starta anlegg i dalen. Tunsbergdalen skal neddemmast, og arbeidet er alt i gang med å byggja ny veg på andre sida av elva. Vegen vart mest ferdig hausten 1974. Det krevst ny bru, og ho er snart ferdig. Demningen skal vera ved elveoset framansfor Leirdalen. Han skal vera 28 meter høgare enn vassflata på vatnet er no. Heile Tunsbergdalen vert såleis sett under vatn. Berre Tverradalen kjem over vassflata. Kva følgjene av utbygginga vert, er uvisst. For gardane er det dårlege framtidsutsikter, fordi mykje av beita som er att blir øydelagde av den nye vegen.

Bygdefolket kan i alle tilfelle gleda seg over dei åra som er tilbakelagde. Dei har levd fritt og i godt samarbeid med kvarandre. Den nære kontakt med naturen gjev avkopling og ro om ein ynskjer det. Bygdefolket sin framtidsdraum er at Leirdalen ikkje blir ramma av sentraliseringa slik at dalen vert fråflytt, men at utviklinga i bygdesamfunnet må få halda fram i den retning ho går no.

* * *

Artikkelen er gjeve att med løyve frå forfattaren.